



NVS RAPPORT 18/2016

*GPS-merkeprosjektet i
Setesdal-Ryfylkeheiane*

ÅRSMELDING 2015

Lena Romtveit



Romtveit, L. 2016. GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylkeheiane: Årsmelding 2015. NVS RAPPORT 18/2016 20s.

Framsidedfoto: © Olav Strand

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 29.01.16

ISSN: 1891-5329

Føreord

GPS-merkeprosjektet på villreinen i Setesdal Ryfylkeheiane går i perioden frå 2013 til 2017. Denne årsmeldinga er nummer tre i rekka og oppsummerar prosjektaktivitet og status for prosjektet i 2015.

Då Norsk Villreinsenter Sør (NVS) er sekretariat er årsmeldinga skriven som ein rapport i NVS sin rapportserie. Rapportar framover i prosjektet, med analyser og resultat vil bli referert og lista opp i komande årsmeldingar. Sekretariatet vil på vegne av prosjektleiinga takke alle deltakarar i prosjektet for samarbeidet i 2015.

Skinnarbu 29.01.2016

Lena Romtveit

Innhold

FØREORD	4
INNHALD.....	5
SAMANDRAG.....	6
INNLEIING	7
PROSJEKTAKTIVITET I 2015	8
Administrasjon og møteverksemd	8
Fagleg aktivitet.....	8
Arbeidsgruppene	9
Arbeidsgruppe 1:	9
Arbeidsgruppe 2:	10
Arbeidsgruppe 3:	12
ØKONOMI.....	13
Oversyn inntekter 2015	13
Oversyn utgifter 2015	14
Oppsummering.....	15
PROSJEKTAKTIVITET I 2016	16
Arbeidet i styringsgruppa og arbeidsgruppene	16
Merking vinteren 2015-2016	16
Budsjett 2016	16
Søknader 2016	17
REFERANSAR	18

Samandrag

2015 er det tredje av totalt 5 år i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Ryfylke (2013-2017). I 2015 er det halde eitt møte i styringsgruppa og to arbeidsseminar; eit på arbeidsgruppenes tema og eit på kunnskapsinnhenting til EnergiX-prosjektet som GPS-merkeprosjektet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane bidreg aktivt inn i.

Arbeidsgruppene har kartlagt drivarar eller påverkingsfaktorar innom sine arbeidsområde, og ut ifrå dette anbefala fokus og tiltak framover for styringsgruppa. Det er også i 2015 gjort ferdelsregistreringar i området. I tillegg har fleire frå styringsgruppa vore med og kartfesta installasjonar og infrastruktur i villreinområdet, samt drifta av desse og omfanget av menneskeleg aktivitet som fylgjer. Dette er ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget og utgangspunktet for det modelleringsarbeidet som skal gjerast i EnergiX-prosjektet.

Som fylgje av vanskelege merkeforhold blei det ikkje radiomerka dyr i 2015.

Prosjektet fekk inn totalt over kr 1,3 mill i 2015. Av dette tar prosjektet med seg litt over kr 222.000,- over i 2016. I tillegg er det søkt om kr 1,4 mill for 2016, jamfør budsjett.

NINA og Olav Strand har styrt prosjektet. Leiar i styringsgruppa har vore Kåre Paulsen frå Statkraft og Norsk Villreinsenter Sør, ved Lena Romtveit, har vore sekretariat. Fylkesmannen i Vest-Agder, ved Tor Punsvik, har bidrege med koordinering, kontaktnett og faglege råd.

Innleiing

Hausten 2012 utarbeidde eit breitt samansett interimstyre forslag til eit nytt villreinmerkeprosjekt i Setesdal Ryfylkeheiane. Prosjektet skulle fylgje opp tidlegare prosjekt som gjekk i både Setesdalsområda i perioden 2006 – 2010 (Strand m.fl 2011). I mars 2013 blei prosjektet starta opp og fekk konstituert styringsgruppe, med Kåre Paulsen (Statkraft) som styreleiar. Deltakande partar og styringsgruppa med vara er lista opp i tabell 1. Norsk Villreinsenter sør har sekretariatsoppgåva for dette prosjektet, til liks som for GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella.

Tabell 1: Oversyn over bidragsytarar og medlemmer i styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Ryfylke prosjektet i perioden 2013-2017.

Styringsgruppemedlemmer (bidragsytarar) med vara	Andre bidragsytarar
Statkraft, Region Vest-Norge v/Kåre Paulsen	Valle kommune
Sira Kvina Kraftselskap v/Per Øyvind Grimsby	Kvinesdal kommune
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum	Hægebostad kommune
Bygland kommune v/Inge Olav Fjalestad	Åseral kommune
Kommunane Sørrområdet v/Oddmund Ljosland	Gjesdal kommune
Sirdal kommune v/Jonny Liland	Fylkesmannen i Rogaland
Suldal kommune v/Torkel Myklebust	Fylkesmannen i Telemark
Gjesdal kommune v/Gudrun Kristensen	Fylkeskommunen i Telemark
Vest-Agder FK v/Björg Hellem	Statnett
Aust-Agder FK v/Hans Fløystad	Lyse Produksjon
FM Vest-Agder v/Tor Punsvik	Agder Energi
FM Aust-Agder v/Per Ketil Omholt	Hydro Produksjon
Statens Vegvesen Sør v/Arne Heggland	Otteraaens Brugseierforening
Statens Vegvesen Sør v/Lene Jacobsen	
Villreinnemnda v/leiar Margit Smeland	
Villreinnemnda v/nestleiar Ola Sukka	
Stavanger Turistforening v/Kjelle Helle Olsen	
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg	
Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Kristian Steine	
Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Knut Nomeland	
Rettighetshavarane (Statskog) v/Kristian Eiken Olsen	
Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Tarjei Haugen	
Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Alf Odden	
SNO v/Peter Hermansen	
SNO v/Reidar Sandal	

NINA v/Olav Strand (fagleg leiar)	
Miljødirektoratet v/Vemund Jaren (observatør)	
NVS v/Marianne Singsaas (observatør)	

Prosjektaktivitet i 2015

Administrasjon og møteverksemd

I 2015 er det halde to arbeidsseminar; eit den 3.-4. februar i Kristiansand på Fylkeshuset og 30. november til 1. desember på Skinnarbu, samt eitt ordinært styringsgruppemøte i Kristiansand den 26. mars. På det fyrste seminaret jobba arbeidsgruppene med å definere drivarar (eller påverkingar) innom sine arbeidsområde. Dette blei bruka til å vurdere verknadene og anbefale tiltak for styringsgruppa (basert på dagens kunnskap), på møtet 26. mars.

Det andre arbeidsseminaret var retta mot prosjektets deltaking i EnergiX-prosjektet (Renewable Reindeer), der berre delar av styringsgruppa var representert. Her arbeidde ein med å kartfeste alt av infrastruktur og drift av denne, samt menneskeleg ferdsl av ulike slag, i villreinområdet. Dette materialet skal nyttast inn i eit modelleringsverktøy som forskarane ved NINA skal bruke vidare i EnergiX-prosjektet og arbeidet med å kartlegge effektane av vasskraftutbyggingar og eventuelle avbøtande tiltak for dette på villrein.

Det er i 2015 ikkje halde eigne møte i dei ulike arbeidsgruppene, ut over det som er nemnt over.

Fagleg aktivitet

Framdriftsnotat per 29.01.2016, ved Olav Strand:

I 2015 har prosjektarbeidet i all hovedsak vært rettet mot datainnsamling og forberedelser til analysene som vil bli gjennomført som en del av RenRein prosjektet. Lokalt har vi hatt fokus på å systematisere arbeidet som er gjort i prosjektets tre arbeidsgrupper, der en har fokusert på henholdsvis: bestandsforvaltningen, ferdsl og Brokke Suleskar vegen og Blåsjø – Store Urar området. Det er også gjennomført en betydelig datainnsamling i arbeidsgruppene, både hva angår: ferdsl i områdene, overnattingsstatistikk ved hytter og bruk av enkelte veger som er av særlig relevans for Blåsjø- Store Urar området. De tre ulike arbeidsgrupper jobbet med hvert sitt fokusområde og har vurdert muligheter for avbøtende tiltak og behov for ytterlig datainnsamling. Arbeidsgruppene har sammenstilt sitt arbeid i notater. Vi gjennomførte som sagt et arbeidsseminar i februar 2015 der vi sammenfattet arbeidet med fokusområdene. Dette ga oss en oversikt over tiltak som arbeidsgruppene mente det var fornuftig å jobbe videre med.

Vi arrangerte ett nytt arbeidsseminar i desember 2015. Målsetningen med dette seminaret var å sammenfatte og kvalitetssikre ulike datasett som er relevante for det analytiske arbeidet som en nå

starter med i forbindelse med RenRein prosjektet. Resultatene fra dette arbeidsseminaret er sammenfattet i vedlagte oppsummeringsrapport. Resultatene fra de to arbeidsseminarene vil bli videreført i et nytt seminar som vi kommer til å gjennomføre i februar 2016. Målsetningen med det kommende seminaret vil bli å lage en mer strategisk plan for videreføringen av prosjektet og ambisjonene om avbøtende tiltak i utvalgte områder.

Arbeidsgruppene

Eit overordna mål for prosjektet er å få villreinen til å bruke ein større del av heiområdet.

I 2013 blei det peika ut nokre fokusområde med særleg interessante problemstillingar, som ein ynskta å gå i djupna på. Tre arbeidsgrupper blei nedsett, for å arbeide med dei ulike problemstillingane.

Arbeidsgruppene har gjennom året gjennomført innsamling av ulike data, samt vore gjennom eit grundig arbeidsseminar om sine tema og område. Under følgjer ei oppsummering (ved NVS sekretariat) frå kvar av dei etter styringsgruppemøtet 26. mars, der resultatata frå arbeidsseminaret blei presentert og drøfta:

Arbeidsgruppe 1:

Arbeidsgruppas samansetjing: Sigrid Bjørgum (Bykle kommune), Torkel Myklebust (Suldal kommune), Sondov Bjåen (Villreinlaget), Olaf Vestersjø (Villreinlaget), Jan Dagfinn Dalen (Villreinlaget og Fjellstyret), Hans Fløystad (Aust-Agder fylkeskommune), Per Ketil Omholt (FM Aust-Agder, leiar arbeidsgruppa), Kay Jeiskelid (Villreinnemnda), Alf Odden (Verneområdeforvaltarane), Peter Hermannsen (SNO), Reidar Sandal (SNO), Kåre Paulsen (Statkraft, Region Vest), Kjell Helle Olsen (Stavanger Turistforening), Anna Tveiten (grunneigar), Lars Arne Bay (sekr.).

Geografisk avgrensing: Vatnedalen-Svartevassmagasinet

Utfordring: Kva skal til for å få i gang att trekk, særleg nord-sør forbi Storvassdammen og steinbuskaret, og aust-vest? Store areal vest for desse magasina ligg ubruka.

Drivarar:

- Store magasin med vegar: Blåsjø, Store Urevatn, Svartevassmagasinet.
- Vegar til Storvassdammen, Store Urevatn, Svartevassmagasinet (delvis bomma), veg opp Urråjuvet, veg til Skreivasskleivane, til Førrevassdammen, veg/tunnel til Øvre Moen (ynskje om å få denne i tunnel att).
- Båtutsett Blåsjø
- Hytte Storsteinen og Sandvatn
- Hytte Gyvatn

Forslag til tiltak:

- Jaktfri sone i og rundt den attverande trekk-korridoren mellom Svartevassmagasinet og Blåsjø (adaptiv forvaltning).
- Andre tiltak er knytt til vidare kartlegging og innhenting av data:

- Store Urevatn: kartlegging av aktivitet knytt til Urevasskilen og Uraråjuvet (jakt og fiske) før evt forslag til tiltak.
- Veg til store Urevatn: registrering av biltrafikk i 2015. Teljar bør plasserast slik at den ikkje tar med trafikk til kraftverk Skarjes.
- Kartlegging av hyttebruk og beiteslitasje.
- Veg Uraråjuvet: Kartlegging av aktivitet knytt til jakt i og nær Uraråjuvet. Ferdseleksregistrering?
- Veg til svartevassmagasinet: Viktig at nedkøyringa til magasinet er bomma slik at ein unngår trafikk langt nord i magasinet. Alternativ plassering av bom på vernegrensa.
- Hytte ved Storsteinen (STF) og Sandvatn (Statskog); minimalisere bruken.
- Veg/tunnel Øvre Moen: Legge vegen tilbake til tunnel. Låg prioritet, men viktigare dersom reinens bruk av området aukar som fylgje av betring av andre faktorar.
- Hytte ved Gyvatn/ferdseleksforbodssone: lite info om forbodet (bare på DNT-hytter nord/sør for). Bør vera merking på veg/turistløyver i det ein går inn i sona.

Kven tar tiltaka vidare? Dette har ikkje gruppa tatt stilling til.

Vidare registrering: Vidare registrering i 2015 som i 2014, men flytte den eine teljaren. Peter (SNO) tar denne.

Er tiltaka omforent i gruppa? Ja.

Informasjon? Må lagast info som skal ut på dei ulike DNT-hyttene. Kven, kva, korleis? Ikkje diskutert.

Arbeidsgruppe 2:

Arbeidsgruppas samansetjing: Bjørg Hellem (Vest-Agder Fylkeskommune, leiar), Knut Nomeland (Setesdal Ryfylke villreinlag), Arne Heggland (Statens Vegvesen Sør), Arild Stene (Lyse Produksjon AS), Tarjei Haugen (Verneområdeforvaltar SR), Bjørn Brantzæg (DNT-Sør), Helge Tonstad (Villreinnemnda, Sirdal kommune), Torleif Harstad (Valle kommune), Jonny Liland (Sirdal kommune), Lars Arne Bay (sekretær).

Geografisk avgrensing: Rundt Brokke-Suleskard, nordover mot Svartenut, sørover mot Kvinen og Gaukhei.

Utfordring: Utgreie tydinga av vegane Brokke-Suleskard og mellom SR og naboområda.

Drivarar:

- Forstyrring frå vegtrafikk
- Båttrafikk på Rosskreppfjorden, med tilhøyrande ferdsle.
- Overnatting og næraktivitet på hytter utanom Øyulvsbu.
- Overnatting og næraktivitet på Øyulvsbu.
- Ferdsel langs løypenett på barmark
- Ferdsel langs løypenett på sno.
- Motorferdsel; snøskuter og helikopter
- Sau i utmark

Forslag til tiltak:

- Brokke-Suleskardvegen:
 - o ÅDT: 600, går ned til 200 i ca. veke 42 med under ein bil per time på nattetid og 20 bilar per time på dagtid.
 - o SVV har sett nærare på oktoberdata (med tanke på forseinkinga i trekk). Skal ein stenge vegen t.d. ti dagar tidlegare enn i dag, så råkar dette fleire tusen bilar.
 - o Treng meir påfyll frå forskarane før ein evt kjem med anbefaling om å stenge vegen tidlegare. Altså ikkje grunnlag for å sette i gang stenging av vegen anten dag eller natt i oktober, ut ifrå det ein no veit.
 - o Foreslår ny teljing i 2017, når ein har fått ein bestandsauke, og sjå trafikkutviklinga i samanheng (SVV og FK i samarbeid tar denne).
- Båttrafikk på Rosskreppfjorden med tilhøyrande ferdsel:
 - o Bom med nyklar inn i området; Grunneigarar (Statskog), kommunane og SiraKvina. Andre klarar likevel å få den opp.
 - o Kontroll med nyklane hjå kommunane (logg), men ikkje frå grunneigarane eller SiraKvina.
 - o Konfliktfylt? Tja.. Må justere nøkkelfunksjonen hjå SiraKvina?
 - o Ha open bom i jakta?
 - o Altså: tanken er å redusere tal på usikkerheit der ein kan, men likevel opprette eit system som har legitimitet. Slik at det å ha ope i jakta når dyra likevel uroast av jegerar, vil vera ein måte å skaffe legitimitet?
 - o Arbeide for å auke robustheten til dette regimet.
 - o Burde ein ha eit tellesystem som registrerer kor mange båtar som går ut på Rosskreppfjorden?
- Bossbu: ingen tiltak anbefalast.
- Overnatting og næraktivitet ved Øyulvsbu:
 - o Ein vurderer flytting av Øyulvsbu. Forprosjekt i gang på dette, med flytting vestover.
 - o Mogleg konflikt med grunneigarar, men fleire er positive.
 - o Omlegging av løypenettet, konflikt med enkelte grunneigarar.
 - o Viktigheit av dette: Høgt på lista; viktig at dette blir gjort.
 - o Krev økonomi.
- Ferdsel langs løypenettet på barmark:
 - o Ynskjer ny teljar mot Kleivi og Everdalen, den gamle vegen.
 - o To teljarar 2015 og evt 2016.
 - o NINA og SNO har teljarar. Det er spørsmål om økonomi og ressursar.
- Ferdsel langs løypenettet på sno:
 - o Ingen tiltak med dagens bestand, mogleg seinare.
- Motorferdsel:
 - o Har oversikt over løyva, unntatt dei grunneigarane som har løyve til å køyre 2-8 turar per år, men desse kan drivast inn.

- Treng data frå SNO og andre brukarar som fell utom løyvesystemet (t.d. regulantar).
 - SNO: kontroll, oppsyn, teljing, jervesporteljing.
- Køyring i jord- og skogruk utom verneområda er ikkje løyvepliktig.
- Mykje ulovleg køyring i sør: Hægebostad/Åseral, også litt i Bykle i år. Øvingsområde i Hægebostad. I kjerneområdet er det lite av dette.
- Sau i utmark: Utom prosjektets mandat
 - Ingen tiltak anbefalast.
- Sperregjerder til sauenaeringa: Utom prosjektets mandat
 - 30 km med gjerder, fysiske innretningar. Ingen tiltak anbefalast.

Arbeidsgruppe 3:

Arbeidsgruppas samansetjing: Kristian Steine og Svein Olav Stegarud (Setesdal Ryfylke villreinlag, leder og sekretær), Tor Punsvik (Fylkesmannen i Vest-Agder), Jon Erling Skåtán (Statens Naturoppsyn), Kristian Eiken Olsen (Statskog), Arve Aasemoen (Setesdal Ryfylke villreinlag, Sirdal), Torbjørn Fjermestad (villreinnemnda), Inge Olav Fjalestad (Bygland kommune), Audun Rossevatn (Hægebostad kommune), Svein Olav Stegarud (sekr.), Per Øyvind Grimsby (Sira Kvina Kraftselskap), Johnny Liland (Sirdal kommune). Kristian Steine leiar arbeidsgruppa, og Svein Olav Stegarud og Tor Punsvik delar sekretæransvaret.

Geografisk avgrensing: Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane

Utfordring: Bestandsforvaltning og auka tetthet og områdebruk av villrein i sørområdet.

Drivarar: Bestandsforvaltinga, utbygging og aktivitet, demografi og tetthet, organisering og samjakt.

Forslag til tiltak:

- Ny bestandsplan: OK
- Differensiert bestandsforvaltning: OK
- Sikre tradisjonsberarar og skjermeflaskehalsar med t.d. jaktfrie soner: Ikkje oppnådd.
- Fokus på bukkane randoområdebruk, auke andelen storbukk opp mot 25%: På gang.
- Både bukk og simler merkast i sørområdet: OK

Erfaringar etter workshop:

- Utfordring å få med randoområda.
- Endring av haldningar tar tid.
- Konfliktgruppene uorganiserte og organiserte; konfliktgrad 2 av 5.

Anbefala tiltak:

- Pålagt organisering?
- Redusert kontingent
- Støre statlege overføringar
- Krav om medlemskap for å få løyst ut kort.
- Tilbod om kortutveksling med Njardarheim –forutset organisering.

Haldningar/erfaringar?

- Bygland: anten dyr og difor lite interesse –eller manglar dyr og difor ikkje interesse (...)
- Skepsis i laget mot fredingssoner sentralt (gr 2).

Anna:

- Berekraftig forvaltning –vinterbeitet minimumsfaktor. Kystpåverking, regelmessig nedising. Manglar metodikk på vinterbeite overvaking.
- God grunneigaroppslutning er ei forutsetning.
- Utbygginga i randområda gjer bestanden meir sårbar.
- Demografi og tettleik –auka arealbruk i sør.

Aktuelle tiltak:

- Nye lokale møte for å fremje lokal organisering.
- Andre tiltak for å fremme auka deltaking, reduserte medlemsavgifter m.m., informasjon.
- Samanstille andres erfaringar med samjakt og vegleie i utøvinga. Bygdesosiologien
- Forsking på bereemne –vinterbeite. Korleis måle/overvake?

Økonomi

Noko av midlane som kom inn i 2014 er ikkje nytta og blei difor overført til 2015 (totalt kr 231.067,-, tabell 2). Det kom inn totalt kr 1.325.235,- frå 24 ulike bidragsytarar i 2015 (tabell 2). Utgiftene i 2015 var på totalt kr 1.333.563,- (tabell 3). Totalt var det per 31.12.15 kr 222.739,- disponibelt i 2016 (tabell 4).

Oversyn inntekter 2015

Kr 1.325.235,- kom inn frå totalt 24 bidragsytarar i 2015, i tillegg hadde prosjektet med seg restmidlar på kr 231.067,- frå 2014 (tabell 2). Av dei 26 omsøkte bidragsytarane er det 7 som har gitt ei felles løyving for heile prosjektperioden, med intern fordelingsnykel. Dette er kraftregulantane i området. Desse får likevel søknaden kvart år, som informasjon. Utanom desse kom det svar på søknaden for 2015, frå totalt 18 av dei resterande 19 (ut over kraftregulantane), som hadde fått tilsendt søknad. Bare 1 av dei 18 som svara på søknaden gav avslag, i tillegg til at eit par av bidragsytarane gav avslag på søknad på vilttiltaksmidlar via ESS, då desse har gitt eigne løyvingar over andre budsjett. Berre ein av dei totalt 26 (19 utanom kraftregulantane) som mottok søknad for 2015, gav ikkje noko svar, men har likevel løyvd pengar.

Tabell 2: Inntekter og oversyn over bidragsytarane i 2015.

Bygland Kommune	25 000
Statkraft Energi AS	34 000
Fylkesmannen i Aust-Agder	50 000
Sira-Kvina Kraftselskap	34 000
Statens Vegvesen	50 000

NVS RAPPORT 18/2016

Valle Kommune	50 000
Vest-Agder Fylkeskommune	50 000
Fylkesmannen i Rogaland	25 000
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	50 000
Villreinnemnda	180 235
Aust-Agder Fylkeskommune ¹	100 000
Otteraaens Brugseierforening	34 000
Lyse Produksjon AS	11 333
Åseral kommune	25 000
Sirdal kommune	50 000
Statnett SF	34 000
Bykle kommune	50 000
Fylkesmannen i Hordaland	25 000
Suldal Kommune	50 000
Agder Energi Vannkraft	11 334
Norsk Hydro Produksjon (SAR)	11 333
Kvinesdal kommune	25 000
Hægbostad kommune	25 000
Miljødirektoratet	325 000
Overført frå 2014	231 067
Sum inntekt	1 556 302

Oversyn utgifter 2015

Utgiftene i 2015 var på totalt kr 1.333.563,- (tabell 3). Største delen av utgiftene i 2015 knytter seg til prosjektets deltaking og bidrag inn i overbyggande prosjekt om Villrein og kraftutbyggingar (RenRein) og ferdseleksregistrering rundt Store Urevatn.

¹ Løyving for både 2014 og 2015 utbetalt i 2015, då utbetalingsanmodning ved ein feil ikkje blei sendt i 2014.

NVS RAPPORT 18/2016

Tabell 3: Utgiftene i prosjektet 2015. Dei største utgiftene er i hovudsak knytt til deltaking og bidrag inn i overbyggande prosjekt. Sekretærenesta frå NVS er vederlagsfri og kostar ikkje noko for prosjektet.

Prosjektkostnader	
Direkte prosjektkostnader:	
Tele og datakostnader	240
Vectronic radiosendere bukk + batteri	117 585
Feltutstyr; Os Id, øremerke	756
Frakt, transport og forsikr ved vareforsendelse, DHL	1 096
Arbeid utført av andre samarbeidspartnere, Bay bygg og Utmarkstjenester	61 940
SMS kostnader	3 989
Reise- og møtekostnader	54 838
Lønn og sos. kostnader (møtegodtgjørelser) ²	12 939
Sum direkte prosjektkostnader:	253 383
Deltaking i andre, overbyggande prosjekt:	
Bidrag 2015 til RenewableReindeer	500 000
Bidrag 2015 til prosjekt ferdsl Store Urevatn (Gundersen)	200 000
Sum prosjektbidrag:	700 000
Timekostnader	
Olav Strand, 197,5 timar	
Roy Andersen , 48,5 timar	
Jørn Thommassen, 65 timar	
Sum timekostnader	380 180
Sum prosjektkostnader	1 333 563

Oppsummering

Resterande midlar i prosjektet frå 2015, som overførast til 2016 er på kr 222.738,-. Estimerte inntekter for 2016, jamfør det som er søkt om hjå bidragsytarane, er på kr 1.400.000,-. Ut ifrå dette vil prosjektet totalt disponere kr 1.622.738,- i 2016 (tabell 4).

Tabell 4: Midlane overført frå 2015 saman med estimerte inntekter for 2016 (omsøkte midlar).

Overført frå 2014 (per 31.12.14)	222 739	
Estimert inntekt i 2015	1 400 000	
Totalt disponibelt i 2015	1 622 739	(Ut frå tal per 31.12.15)

² Møtegodtgjersler til nemndsmedlemmar og andre som ikkje får si møtedeltaking dekt av arbeidsgjevar.

Prosjektaktivitet i 2016

Arbeidet i styringsgruppa og arbeidsgruppene

I februar 2016 vil det bli halde eit nytt arbeidsseminar som tek vidare resultatane frå dei to arbeidsseminara ein hadde i 2015. Målet med det komande seminaret er å utarbeide ein meir strategisk plan for vidareføringa av prosjektet og ambisjonane om avbøtande tiltak i utvalde område.

Merking vinteren 2015-2016

Ved slutten av februar 2015 var det totalt 9 dyr som gav GPS-posisjonar for perioden januar og februar 2015. Av desse 9 var bare ein bukk. Etter nyttår 2016 er det totalt 4 sendarar som har gitt signal, derav ein bukk. På grunn av vanskelege merkeforhold blei det ikkje radiomerka dyr i 2015. Det er difor planer om å gjennomføre merking så snart som mogleg i 2016. Målet er å kompensere for dei sendarane som ikkje blei montert i 2015. Det er difor budsjettert med kr 550.000,- til merking i 2015 (tabell 5).

Budsjett 2016

For 2016 er det til liks med 2015, budsjettert med totalt kr 1.400.000,-. Desse utgiftene fordeler seg i hovudsak på merking, men også ein del på ferdseleksregistreringar og drift av arbeidsgrupper, ut over den vanlege basisforskinga. Utgiftene er presisert i tabell 5.

Tabell 5: Budsjett i SR-prosjektet 2016.

GPS-merking i sørområdet, 5 simler à kr 40.000,-	Kr 200.000,-
GPS-merking i sørområdet, 3 bukkar à kr 50.000,-	Kr 150.000,-
GPS-merking i nordområdet, 5 simler à kr 40.000,-	Kr 200.000,-
Ferdseleksregistreringar langs og frå vegen til Store Urar:	Kr 150.000,-
Drift av arbeidsgrupper, etablering av tiltak og sekretær:	Kr 100.000,-
Drift av styringsgruppa:	Kr 40.000,-
Basisforskning, planlegging, gjennomføring og analyse:	Kr 400.000,-
Fagleg drift av prosjektet (v/NINA):	Kr 160.000,-
Samla kostnader driftsåret 2015:	Kr 1.400.000,-

Søknader 2016

For å dekke inn budsjetterte utgifter, er det søkt om kr 1.400.000,-, jf tabell 6 for 2016. Søknadane for det samla budsjettet er sendt på nyåret 2016 til dei same bidragsytarane som bidrog inn i prosjektet i 2015, jf tabell 6.

Tabell 6: Søknader 2016: Oversyn over omsøkte midlar for 2016.

<u>Dei største villreinkommunane:</u>	
Suldal kommune:	kr 50.000,-
Sirdal kommune:	kr 50.000,-
Bykle kommune:	kr 50.000,-
Valle kommune:	kr 50.000,-
<u>Andre villreinkommunar i SVR:</u>	
Kvinesdal kommune:	kr 25.000,-
Hægebostad kommune:	kr 25.000,-
Åseral kommune:	kr 25.000,-
Bygland kommune:	kr 25.000,-
Gjesdal kommune:	kr 25.000,-
Fylkesmennane i Rogaland, Aust- og Vest-Agder, à kr 50.000,-, og fylkeskommunane i Aust- og Vest-Agder, à kr 50.000,-:	kr 250.000,-
Fylkesmennene i Hordaland og Telemark og fylkeskommunen i Telemark à kr. 25 000,-:	kr 75.000,-
Regulantar og kraftlinjeeigarar (jf intern fordelingsnykel):	kr 275.000,-
Statens Vegvesen:	kr 150.000,-
Miljødirektoratet:	kr 325.000
Samla omsøkt beløp for 2015, jf budsjett:	kr 1.400.000,-

Då søknadsfristane hjå fleire av bidragsytarane er eit stykke ut i januar, har ein ikkje klart kven som ynskjer å bidra det komande året før det er godt i gang. Det er likevel nokre som har løyvd for heile eller delar av prosjektperioden, noko som gjev eit godt og føreseieleg økonomisk perspektiv.

Koplinga til EnergiX-prosjektet «RenewableReindeer» gjev eit sterkt fokus på vasskraftutbygginganes effektar på villrein og vurdering av effektar av moglege avbøtande tiltak. Den sterke deltakinga frå regulantanes side, samt bruk av lokalkunnskap frå dei ulike bidragsytarane og arbeidsgruppene inn i dette arbeidet gjev mange interessante perspektiv og godt eigarskap til prosjektet. Det er difor god grunn til å sjå fram til endå eit spanande år med forskning på villreinen i Setesdal-Ryfylkeheiane.

Skinnarbu 29.01.16, Lena Romtveit.

Referansar

- B: Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene- Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006- 2010. NINA Rapport 694. 145s.
- <http://www.nina.no/english/Research/Projects/Renewable-Reindeer>
- <http://www.theguardian.com/environment/2015/dec/06/green-energy-no-go-for-reindeer>

Vedlegg

- Vedlegg 1: NVSRapport 17/2016 Årsmelding 2015: Oppsummering arbeidsseminar.

ISSN: 1891-5329

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerking | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerking | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA